



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ove Midtbø, 5764 3176/
Edvard Høgestøl 5557 2045

Utgreiing og tilråding - justering av kommunegrensa mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune

Vi viser til brev av 06.05.2024, der Statsforvaltaren i Vestland vart bedt om å greie ut konsekvensane av ei grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune, for området som utgjer gamle Romarheim – Urdal skulekrins (Indrefjorden). I oversendinga til departementet skal statsforvaltaren gje ei tilråding. Statsforvaltaren beklagar at det har tatt lang tid å gjennomføre utgreiinga og kome med ei tilråding.

Tilråding

Grensa mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune, bør ikkje justerast.

Bakgrunnen for saka

Innleiing

Saka har ein lengre historikk. Vi legg til grunn at Kommunal- og distriktsdepartementet er kjende med historikken fram til Statsforvaltaren vart bedt om å gjennomføre utgreiinga i brevet frå departementet 06.05.2024. Innleiingsvis gir vi berre ei kort oppsummering av historikken.

Innbyggjarar og næringsdrivande i gamle Romarheim - Urdal skulekrins (Indrefjorden) i Alver kommune, søkte i brev 12.07.2021 med vedlegg om å bli ein del av Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune.

Innbyggjarinitiativet vart handsama etter inndelingslova § 9, og den 25.01.2022 tok Statsforvaltaren avgjerd om at det ikkje skulle settast i gong ei utgreiing av den føreslegne grensejusteringa.

Det kom inn tre klager på avgjerda. Statsforvaltaren fann ikkje grunn til å ta klagen til følge. Klagen og saka vart oversendt til Kommunal- og distriktsdepartementet for handsaming 06.05.2022.




På grunnlag av innbyggjarinitiativet og dei etterfølgjande klagene, har Kommunal- og distriktsdepartementet i brev 06.05.2024 bedt Statsforvaltaren i Vestland om følgjande:

«På bakgrunn av innbyggjarinitiativet ber departementet Statsforvaltaren i Vestland om å greie ut konsekvensane av ei grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune, for området som utgjer gamle Romarheim – Urdal skulekrins (Indrefjorden). I oversendinga til departementet skal statsforvaltaren gi ei tilråding.»

Statsforvaltaren i Vestland inviterte dei tre involverte kommunane til eit digitalt informasjonsmøte om den vidare prosessen for utgreiinga 29.01.2025. I etterkant av møtet den 10.02.2025 vart det sendt ut eit brev til kommunane, med kopi til Vestland fylkeskommune og Statens kartverk, med førebels tidsplan for utgreiingsarbeidet. Vi bad samstundes om å få tilsendt informasjon knytt til eventuelle verknader av ei eventuell grensejustering.

På oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte Opinion AS ei innbyggjarundersøking i det aktuelle området i august 2025¹. Etter at resultatet frå innbyggjarundersøkinga var klar, vart saka sendt på ny høyring 18.09.2025², med frist for innspel 10.11.2025. Etter ønske frå Alver kommune og Vestland fylkeskommune, vart fristen seinare utsett til 08.12.2025 og 18.12.2025.



Innbyggjarinitiativet

Den 12.07.2021 vart det søkt om at gamle Romarheim-Urdal skulekrins (Indrefjorden) i Alver kommune, vert ein del av Modalen kommune, alternativt ein del av Masfjorden kommune. Sommaren 2025 vart det kartlagt at det budde 124 personar i det aktuelle området, der 99 av desse var over 18 år i 2025. Kartutsnittet til venstre syner det aktuelle området

Informasjon frå kommunane

For å få opplyst saka, sende Statsforvaltaren eit brev til alle dei tre involverte kommunane 10.02.2025. I felles brev frå kommunane Alver, Modalen og Masfjorden 28.05.2025 fekk vi tilbakemelding på ein del relevante tema som er aktuelle med tanke på konsekvensar av ei eventuell grensejustering.

Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter

Her viser kommunane til at Statsforvaltaren er best eigna til å berekne dei overordna økonomiske effektane. Det vert likevel vist til følgjande:

«Alver kommune har likevel gjort ei grov berekning av effekten på frie inntekter, og anslår at endringa vil medføre ei reduksjon på om lag 18,5 mill. kr. per år. Det må her takast atterhald om at dette er eit grovt

¹ [Innbyggjarundersøking Alver kommune august 2025](#)

² [Ny høyring – grensejustering Alver kommune](#)



anslag, med utgangspunkt i folketal, areal og skatteinntekter. Berekning av nettoeffektar vil vere omfattande, og er ikkje gjort i denne omgang.»

Reiseavstandar til kommunesenter før og etter grensejustering

Her går det fram at Romarheim-Urdal har Ostereidet som nærsenter i Alver i dag. Det vert vist til søknaden om at innbyggjarar i Romarheim-Urdal vil få kortare skuleveg og kortare veg til kommunesenter ved ei grensejustering til både Modalen og Masfjorden, i tillegg til kortare veg til andre tenestetilbod, kultur- og idrettstilbod. Her viser kommunane til følgjande:

«Det vil kome an på kor ein reiser frå. Om ein til dømes tar utgangspunkt i to tilfeldige stadar, Romarheimskrysset og kaien på Vikanes, vil nokre alternativ gje lengre reiseveg til sentrale tilbod ved ei grensejustering. Her er ein oversikt som viser enkelte avstandar:

Frå Romarheimskrysset til...		Frå Vikanes... (Urdal)	
Mo i Modalen	15,5 km	Mo i Modalen	21,5 km
Masfjordnes (kommunesenter)	41 km	Masfjordnes (kommunesenter)	35 km
Matre i Masfjorden (Næraste skule)	16 km	Matre i Masfjorden (Næraste skule)	22 km
Knarvik	38 km	Knarvik	32 km
Ostereidet (Nærsenter i dag)	19 km	Ostereidet (Nærsenter i dag)	13 km
Bergen sentrum	66 km	Bergen sentrum	60 km

Frå Romarheimskrysset vil avstanden til Matre, Mo og Ostereidet vere omtrent like lang. Det er Ostereidet som er størst av desse sentra. Aktuelle nye skular vil ligge på Mo og Matre. Avstanden til kommunesenteret i Masfjorden blir lengre enn til kommunesenteret Knarvik. Frå Vikanes vil avstanden til Mo og Matre bli lengre enn dagens avstand til Ostereidet. Avstanden til kommunesenteret Knarvik er 32 km, og til Mo er det 21,5 km.»

Arbeidsplassar

Det vert vist til at steinknuseverket DC Eikefet Aggregates, med om lag 20 tilsette, er einaste større arbeidsplass i det aktuelle området.

Pendling mellom kommunane

Her viser kommunane til tal frå Statistisk sentralbyrå³ som viser følgjande:

- 61 personar busett i Alver kommune har arbeidsplass i Masfjorden kommune, og 24 personar har arbeidsplass i Modalen kommune.
- 75 personar busett i Masfjorden kommune arbeider i Alver kommune
- 21 personar busett i Modalen kommune arbeider i Alver kommune

Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området

Kommunane si vurdering er at dette må koma fram gjennom innbyggjarundersøkinga.

Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i aktuelt område

Kommunane si vurdering er at dette må koma fram gjennom innbyggjarundersøkinga.

³ <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/artikler/hvor-mye-pendling-er-det-mellom-kommuner>

*Bruk av kommunale tenestetilbud lokalisert i aktuelt område*

Kommunane opplyser at det ikkje er kommunale tenestetilbud lokalisert i det aktuelle området.

Endring i tilgjenge til kommunale tenester for innbyggjarar ved overflytting til ny kommune

Her viser kommunane til at dette delvis vil avhenge av om området vert ein del av Modalen kommune eller Masfjorden kommune.

Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved justering av grensa

Kommunane si vurdering er at dette må koma fram gjennom dialog med aktuelle delar av fylkeskommunen og tilbydar av statlege tenester.

Folketal totalt i området som er omfatta av grensejusteringa

Kommunane opplyser at det bur 125 personar i det aktuelle området, og viser til ein tabell som viser aldersfordelinga mellom desse personane, sjå tabell nedanfor.

0-5	6-12	13-15	16-19	20-39	40-54	55-66	67-79	80-89	90+
6	8	3	6	24	21	21	17	17	2

Sosiodemografiske kjenneteikn, jf. kriteria i inntektssystemet

Også her viser kommunane til at Statsforvaltaren er best eigna til å gjere denne vurderinga, ut frå tilgjengelege opplysningar og resultatet av innbyggjarundersøkinga.

Omfanget av ressurskrevjande brukarar

Det går fram av brevet frå kommunane 28.05.2025 at Alver kommune har ingen ressurskrevjande tenestemottakarar i dette området (Eikefet, Vikanes, Romarheim, Stusdal og Dyrkolbotn).

Utlíkna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)

Alver kommune har berekna at grensejusteringa vil medføre om lag 5 mill. kr. i tapte skatteinntekter.

Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggjarane i aktuelt område

Det vert opplyst at Alver kommune per i dag ikkje kjøper kommunale tenester frå andre kommunar for innbyggjarane i dette området, innan tenestedområda helse og omsorg og oppvekst.

Areal

Det aktuelle området er opplyst å utgjere om lag 135 km².

Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader

Her viser kommunane til følgjande:

«Samfunnsdelen til Alver kommune gjev klare føringar om å sikre levande bygder og grender. Ved rullering av kommuneplan i 2019, samt i pågåande arbeid med kommuneplan for Alver, er det gjort endringar med mål om å sikre realiserbar bustadreserve på Romarheim. I arealdelen for Alver som er i prosess er det eksisterande LNF-spreidd bustadområde (LSB 19), tilrådd utvida i omfang med opning for 2 bueiningar i planperioden. I tillegg er det tilrådd ei mindre utviding av bustadareal på Romarheimsneset (med rom for 2 eller 3 bueiningar). På Vikanes er det ikkje tilrådd endringar i den pågåande prosessen. Her er det utfordringar knytt til realisme på grunn av faresone for ras og skred.



På næringssida er det eit næringsområde som er tatt i bruk (Steinknuseverket DC Eikefet Aggregates) og eit urealisert næringsområde på Romarheim. I tillegg er det nokre områder med urealisert areal avsett til fritidsbustad.

Samla sett på arealsida så er det eit handlingsrom for utvikling i denne delen av kommunen, eit handlingsrom som er tilpassa forventa behov og etterspurnad.»

Det er vidare lagt ved lenkjer til aktuelle planar for området. Arealdelen til kommuneplanen for Alver kommune er også under revisjon.⁴

Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve

Under dette punktet viser kommunen til at den aktuelle delen av kommunen er eit viktig natur- og friluftsområde. Det vert mellom anna vist til følgjande:

«I revidert kartlegging av friluftsområder er det identifisert 3 svært viktige friluftsområder; Dyrkolbotn, Gamlesætra og Stussdalen-Kalvedalshytta. I tillegg eit viktig friluftsområde, Sjørdalsnuten-Nymark. I kartlegging av kjerneområde landbruk er det peikt ut eit kjerneområde for matproduksjon på Romarheim. I kartlegging av naturmangfald er det identifisert fleire naturvernområder; Flotaneset naturreservat, Hestabotn naturreservat, Otterstadstølen naturreservat. I tillegg er det mange trekkvegar for hjort, områder for storfugl, geologisk arv på Eikemo og gamal edellauvskog på Vetleurdal.

Det kan òg nemnast at eit nasjonalparkområde er under planlegging i dette området.»

Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelvegar og vegstruktur

Her vert det vist til at E39 er den viktigaste transportåra i denne delen av kommunen, det er ikkje gang- og sykkelvegar i området. Kommunane viser elles til at Skyss kontaktast for informasjon om busstilbodet, eller aktuelle aktørar i den kommersielle ekspressbussmarknaden.

Innbyggjarundersøkinga

Opinion AS gjennomførte ei innbyggjarundersøking på oppdrag frå Statsforvaltaren i august 2025, sjå lenkjer i fotnote 1 og 2 på side 2 ovanfor.

Føremålet med undersøkinga var å kartlegge innbyggjarane i området sitt syn på framtidig kommunetilknytning, og få eit bilete av pendle- og handlemønster ved bruk av tenester og fritidstilbod. Målgruppa for undersøkinga var innbyggjarane busett i det aktuelle området som fyller 18 år i 2025 og eldre. Det vart identifisert 99 personar i denne målgruppa. 62 av dei som vart oppringt svarte, noko som gir ein svarprosent på 63. Hovudfunna frå innbyggjarundersøkinga vert oppsummert nedanfor.

Syn på grensejustering

Undersøkinga gir ikkje noko klart svar på innbyggjarane sitt syn på grensejusteringa, og resultatet syner at 48 prosent meiner området bør tilhøyre Modalen kommune medan 47 prosent meiner at området bør tilhøyre Alver kommune som i dag. Berre 3 prosent har gitt uttrykk for at området bør tilhøyre Masfjorden kommune.

Fleirtalet av dei som har mest tilknytning til Romarheim, meiner at området bør tilhøyre Modalen kommune (60 %), medan fleirtalet som har mest tilknytning til Vikanes, meiner det bør tilhøyre Alver kommune (76 %).

⁴ <https://www.alver.kommune.no/artikkel/kommuneplanen-sin-arealdel>



Eit klart fleirtal av dei som jobbar i Modalen kommune, meiner området bør tilhøyre Modalen kommune (78 % mot 22 % som meiner Alver kommune). Dei som jobbar i Alver kommune er meir jamt fordelt i synet på grensejustering.

Handel

Dei fleste innbyggjarane i området viser at dei vanlegvis handlar i Alver kommune (85 prosent), medan 11 prosent har svart at dei vanlegvis handlar i Modalen kommune.

Kommunale tenester

Når det gjeld kommunale tenester, opplyser eit klart fleirtal av innbyggjarane i området at dei vanlegvis nyttar kommunale tenester i Alver kommune (84 prosent), mot 13 prosent i Modalen kommune.

Kultur- og fritidstilbod

60 prosent av innbyggjarane i området opplyser at dei vanlegvis nyttar kultur- og fritidstilbod i Alver kommune, medan 29 prosent gjer det i Modalen kommune. 11 prosent har svart at dei nyttar slike tilbod i annan kommune.

Høyringsfråsegner

Grensejusteringssaka vart sendt på høyring til dei involverte kommunane, fylkeskommunen og Statens kartverk 18.09.2025, sjå fotnote 2 på side 2. Det har kome høyringsfråsegner frå Modalen kommune 03.11.2025, Masfjorden kommune 28.11.2025 og Alver kommune 22.12.2025.

Alver kommune gjorde følgjande vedtak i kommunestyret 18.12.2025 sak PS 165/2025:

«Fakta grunnlaget som ligg føre på noverande tidspunkt gjer det umogleg å vurdere dei totale faglege og økonomiske konsekvensane av ei grensejustering for Alver kommune sin del. Alver kommune meiner at det bør gjennomførast ei grundigare konsekvensutgreiing og dersom Statsforvaltaren tilrår grensejustering i si utgreiing til departementet.»

Fråsegna ligg ved dette brevet.

Modalen kommune gjorde følgjande vedtak i kommunestyret 30.10.2025, sak 73/2025:

«Modalen kommune vil vere positiv til at det vert gjennomført ei grundig utgreiing av konsekvensane ved ei eventuell grensejustering. Vi meiner vidare at det er avgjerande at slike prosessar er godt forankra i lokaldemokratiet, og at innbyggjarane sine behov og tilknytingar vert vektlagde. Men hovudargumentet for ei grensejustering må vere at det vert lagt til rette for ei løysing som styrkjer innbyggjarane sin lokale tilhørigheit og tenestekvalitet.»

Fråsegna ligg ved dette brevet.

Masfjorden kommune gjorde følgjande vedtak i kommunestyret 30.10.2025, sak 78/2025:

«Masfjorden kommune har mottatt innbyggjarundersøkinga om grensejustering i Alver for bygdene Romarheim og Vikanes med interesse. Masfjorden kommune forstår det slik at valet synes å stå mellom grensejustering med Modalen eller å fortsette i Alver for bygdene Romarheim og Vikanes. Masfjorden kommune ynskjer sjølvstendige nye innbyggjarar velkommen til vår kommune, også når det gjeld ei evt. grensejustering som i dette tilfellet. Masfjorden kommune vil kunne ivareta innbyggjarane i desse to



bygdene på ein god måte, både med tanke på oppvekstvilkåra, arbeidsplassar og helse- og omsorgstenester.

I første omgang vil barnehage kunne løysast ved Matre barnehage. Barne- og ungdomsskule vil vi kunne tilby ved Matre skule, ca. 20-30 min. bussavstand frå desse bygdene. Matre skule har gode fasilitetar på basseng og idrettsanlegg. Det same gjeld fritidsaktivitetar der.

Masfjorden kommune har eit godt undervisningsopplegg i den kommunale kulturskulen og eit idrettsskuletilbod for barne- og mellomtrinnet, der det alltid er god kapasitet. Kommunen har gode idrettsfasilitetar ved skulane. Kommunen har også starta opp reguleringsarbeid for ein fleirbrukshall ved Nordbygda skule. Det er dessutan skisenter med moglegheit for alpin, og preparerte langrennsløyper i Stordalen.

Masfjorden kommune arbeider tett med Gulen kommune om næringsutvikling gjennom GMU. Dei fleste private arbeidsplassane ligg derfor like over grensa til Gulen, i Sløvåg og Skipavika. For å utvide arbeidsmarknaden for desse næringsområda arbeider Masfjorden med å etablere Masfjordsambandet som fast samband mellom Masfjordnes og Duesund. For tida arbeider kommunen med å leggje til rette for etablering av eit datalagringssenter på Matre. Dette vil vere arbeidsplassar i kort køyretid frå bygdene Romarheim og Vikanes.

Masfjorden kommune sitt helse- og omsorgssenter er lokalisert på Hosteland med legekontor, fysioterapi, sjukeheim og NAV kontor. Sjukeheimen arbeider tett med heimetenesta som er godt rigga for å kunne bu heime lengst råd er. Masfjorden kommune har også eit godt støtteapparat for dei som bur i tilrettelagte bustader ved MBA. Alt i kort avstand frå legekontor, sjukeheim, skule og idrettsanlegg. Masfjorden kommune har også investert i omsorgsbustader i bygdene Haugsvær og Matre og har starta eit forprosjekt for vidare utbygging ved Masfjorden sjukeheim.

Masfjorden kommune ynskjer innbyggjarane i bygdene Romarheim og Vikanes velkomne om det vert valt ei grensejustering som går mot Masfjorden. Det vil då vere naturleg å få dette avklara i samband med kommunen sin komande samfunnsplan som for tida er på høyring og føreståande arbeid med arealplanlegginga i Masfjorden.»

Fråsegna ligg ved dette brevet.

Vestland fylkeskommune har ikkje gitt fråsegn i saka. I notat frå Fylkesdirektøren til Fylkesutvalet 01.12.2025, sak 2022/8658-10⁵, er det gjort følgjande vurdering:

«Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at denne grensejusteringa har konsekvensar eller betydning for det fylkeskommunale tenestetilbodet eller anna form for regional utvikling.

Fylkesdirektøren tek dermed denne grensejusteringa til orientering og legg ikkje saka fram for politisk handsaming i fylkesutvalet.»

I telefonsamtale med **Statens kartverk** 18.12.2025 har vi fått opplyst at høyringsbrevet er gjennomgått, utan at Kartverket har merknader til gjennomføring av den aktuelle grensejusteringa. Dei har derfor ikkje prioritert å gje fråsegn til høyringsbrevet frå oss.

⁵ [Notat frå VLFK 01.12.2025, sak 2022/8658](#)



Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren har som ledd i utgreiinga innhenta utfyllande og oppdaterte opplysningar om mellom anna folketal, areal, geografi, kommunikasjon, planar, demografi, pendling, næringsstruktur, arealbruk, inntekts- og utgiftsstruktur, kommunalt tenestetilbod og interkommunalt samarbeid. I tillegg er det gjennomført ei innbyggjarundersøking i området. Saka har også vore sendt på ny høyring etter at resultatet av innbyggjarundersøkinga var klar, jf. inndelingslova §§ 9 og 10.

Sjølv om fråsegnene frå dei involverte kommunane er prega av at konsekvensane av ei grensejustering enno framstår som uklare, så meiner vi at faktagrunnlaget i saka, ut frå dagens situasjon, er god nok til å kunne gje ei tilråding til departementet.

Inndelingslova seier ikkje noko om vektinga av dei ulike momenta i vurderinga som skal gjerast i grensejusteringssaker. Vi konstaterer at det er ulike syn på om grensa bør bli justert, ut frå dei opplysningane som ligg føre.

Føremålet med grensejustering etter inndelingslova, jf. § 1, er å skape føremålstenlege einingar som kan gje innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning.

Departementet har i tidlegare saker understreka at grensejusteringar først og fremst bør vere eit reiskap for å tilpasse kommunegrenser til eksisterande samhandlingsmønster og innbyggjarane sin bruk av kommunale tenester.

På grunnlag av dei faktiske opplysningane som er komne fram i utgreiinga og innbyggjarundersøkinga, kan vi ikkje sjå at ei grensejustering som det er teke initiativ til frå innbyggjarane i området, er i samsvar med allereie etablerte mønster for bruk av tenester, handelstilbod og kommunikasjon på tvers av dagens grenser, i ei slik grad at ei grensejustering framstår som føremålstenleg. Gjennom utgreiinga kan vi heller ikkje sjå at det kjem fram opplysningar som tilseier at tenestetilbodet blir monaleg meir tilgjengeleg eller betra for innbyggjarane eller næringsdrivande i det aktuelle området som ei direkte følge av ei grensejustering. Statsforvaltaren har forståing for at dette kan tenkjast å gjelde for enkelte av innbyggjarane innanfor området, men vi kan likevel ikkje sjå at dette kan bli avgjerande, då ei grensejustering etter vårt syn må vere føremålstenleg sett i ein større samanheng for hovudtyngda av innbyggjarane innanfor det aktuelle området.

Når det gjeld dei overordna økonomiske effektane av ei grensejustering, har kommunane i sitt felles innspel gitt eit estimat, samstundes som dei viser til at Statsforvaltaren er best eigna til å berekne.

Statsforvaltaren har vurdert kommunane sitt estimat av tapte frie inntekter, og finn at estimatet på bortfall av 18,5 millionar kroner ved ei grensejustering for Alver kommune framstår som noko høgt. Bortfall av inntekter framstår uansett lågt samanlikna med det totale kommunebudsjettet for Alver.

Inntekter som følgjer innbyggjarane har sitt motsvar på utgiftssida. Alver kommune ligg omtrent på landsgjennomsnittet i utgiftsbehov. Dei kommunale utgiftene til drift pr innbyggjar i det aktuelle området kan forventast å være om lag det same som for kommunen elles. Slik vi ser det har ikkje ei eventuell grensejustering særleg effekt den eine eller andre vegen, på grunn av utgiftsutjamninga.

Inntekter frå eigedomsskatt i området, estimert til om lag kr. 160.000,-, kjem i tillegg.

Oppsummert kan ikkje Statsforvaltaren sjå at ei eventuell grensejustering har særlege økonomiske konsekvensar verken for Alver kommune eller dei andre kommunane.



Vi kan heller ikkje sjå at avstandar til viktige tenester og naturleg arbeidsmarknad blir særleg påverka eine eller andre vegen gjennom justering av kommunegrensa i seg sjølv. Litt avhengig kor ein bur innanfor det aktuelle området, vil det berre vere mindre skilnader på avstandar og reiseveg til dei ulike sentera i dei tre kommunane.

Som det går fram av den felles fråsegna frå kommunane 28.05.2025, så har Alver kommune i samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034⁶ gitt klare føringar om å sikre levande bygder og grender i kommunen. Vidare blir det vist til pågåande arbeid med arealdelen til kommuneplanen for Alver kommune, der det er gjort endringar med mål om å sikre meir realiserbar bustadreserve på Romarheim. Det er også mellom anna tilrådd mindre utviding av bustadareal på Romarheimsneset. Det vert også peikt på at det er urealisert næringsområde på Romarheim, og nokre område med urealisert areal avsett til fritidsbustader. Samla sett gir dette eit handlingsrom for utvikling i denne delen av kommunen.

Slik vi ser det, har ikkje utgreiinga eller innbyggjarundersøkinga avdekt nye tilhøve som tilseier at ei grensejustering i tråd med innbyggjarinitiativet gir nokon garanti for ønskt utvikling og meir føremålstenlege tenester og forvaltning for innbyggjarane i området. Statsforvaltaren kan derfor ikkje sjå at ei grensejustering er det mest nærliggjande verktøyet å bruke for å bøte på utfordringane som gjer seg gjeldande for enkelte av innbyggjarane i det aktuelle området. Vi meiner at desse utfordringane må løysast på andre måtar gjennom dialog med kommunane og aktivt samarbeid på tvers av kommunegrensene om utviklinga av tilbod og livsgrunnlag for innbyggjarane i denne delen av Alver kommune.

Oppsummering

Statsforvaltaren har gjennomført ei utgreiing i tråd med brevet frå Kommunal- og distriktsdepartementet 06.05.2024. På grunnlag av dette, tilrår vi at grensa mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune, ikkje bør justerast.

Saka vert sendt til departementet for endeleg avgjerd saman med alle relevante dokumenta i saka.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Synnøve Stalheim
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Søknad om grensejustering 12.07.2021 m/vedlegg
Statsforvaltaren i Vestland si avgjerd 25.01.2022
Brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet 06.05.2024
Brev frå Statsforvaltaren til involverte kommunar 10.02.2025
Tilbakemelding frå involverte kommunar 28.05.2025
Rapport frå innbyggjarundersøking september 2025
Høyringsbrev frå Statsforvaltaren 18.09.2025
Fråsegn frå Modalen kommune 03.11.2025

⁶ [Samfunnsdelen til kommuneplanen for Alver kommune 2022-2034](#)



Fråsegn frå Masfjorden kommune 28.11.2025

Fråsegn frå Alver kommune 22.12.2025

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Modalen kommune

Alver kommune

Masfjorden kommune

Postboks 7900

Postboks 44

Postboks 4

Austfjordvegen
2724

Romarheim 86

5020 BERGEN

5729 MODALEN

5906 FREKHAUG

5981 MASFJORDNES

5994 VIKANES

Innbyggjarar og næringsdrivande i gamle Romarheim
- Urdal skulekrins v/kontaktperson Helge Eidsem